

## MENINGER:

# Museet – ein ressurs for lokalsamfunnet

Vi her i Lillesand er så heldige at vi har vårt eige museum. Men er vi klare over kor stor verdi dette museet har – for byen og for oss som bur her?

Det er eit spørsmål som det kan vera verd å stilla, til kommunen som eig museet og har ansvaret for vedlikehald og drift, og til oss som bur i byen. At museet reint bygningsmessig er eit verdifullt innslag i bybiletet er innlysande: den staselege bygningen tilsides med rådhuset er ei perle. Men to spørsmål melder seg: har Carl Knudsen-gården ei vidare historie å fortelja? Og kva er eit museum meir enn det reinte bygningsmessige?

Den staselege bygningen var bygd som bustadhus for ein velstående kjøpmannsfamilie med forretningsdrift og sjøfart som livsgrunnlag. Namnet på museet – Lillesand by- og sjøfartsmuseum – er såleis dekkjande, og endå meir dekkjande blir namnet dersom vi opnar porten og går inn i bakgården som er avgrenda av ei bygningsrekke, som høyrde organisk med til Carl Knudsen-gården, og som fortel om den samansette kjøpmannsdriften. Her var lagerrom av ulike slag og verkstader til handverkarar som var ein del av drifta. Her var stall til eit par hestar; det forbansar ikkje, for all transport måtte skje med hest og vogn. At det tilsides med stallen var eit fjøs med basår til fem-seks kyr, kan verka meir uforståeleg for folk i dag. Men det fortel om den samansette drifta i eldre tid. Ei form for gardsdrift i kjøpstaden er omtala i lover og andre kjelder frå mellomalderen, så her går linene langt tilbake. På sommarstid kunne dei ha avtale med ein gardbrukar i nærleiken om å ha kyrne gåande i hamnehagen, vinterfor måtte dei skaffa seg utanfrå. Og så var det vanlig å ha eit par griser, nokre høner og kanskje eit par sauer i tillegg og nytta eit jordstykkje til neper eller andre rotvekster. Det er ei slik samansett drift Carl Knudsen-gården fortel om og dokumenterer slik bygningskomplekset ligg i dag. Og biletet – hovudbygning, bakgard, lager- og bruksbygning-



ar – er komplett og viser korleis ein kjøpmannsfamilie budde og dreiv si verksemd i sentrum av det noverande Lillesand i börjinga av 1800-åra. I tillegg fortel bygningane også sosialhistorie: dei herskapelege interiøra i hovudbygningen i motsetning til dei enkle romma tenestejentene vart plasserte i. Denne komplette dokumentasjonen sett museet vårt i ei særstilling mellom norske lokalmuse.

Ein rundgang gjennom museet – helst med kyndig omvising – vil gjera biletet levande for oss og la det festa seg som eit underlag for å forstå noko av den enorme utviklinga fram mot vår eiga tid. Særleg verdifullt er det at museet kan bli ein undervisningsstad for born og ungdom – frå første skoletrinnet og oppover. Det kan gjere a-ha-opplevingar «slik var det i eldre tid!» – og det kan gjere undervisinga i historie og samfunnsfag meir konkret og jordnær. For elevane blir museet eit opplevingsenter, men i tillegg kan det også dragast meir direkte inn i undervisinga, slik museet er no innbyr til. Museumsstyra- ren har teke i bruk det tidlegare

fjøset i bakgården, som lenge hadde gjort teneste som lagerrom, har tømt det og sett inn stolar i staden, og med ei enkel form for lyssetting har ho trylla fram eit undervisningsrom. Her kan ein lærar ta med seg klassen sin og det skulle vera emne nok å ta opp, både med tilknytning til museumssamlingane og innanfor kultursektoren generelt. Og tilbodet fra museet gjeld ikkje berre skulen. Rommet kan arbeidast inn i den ordinære omvisinga til museet, til utdyping og til utsyn utover, og byen får eit lokalt med ei spesiell historie og ein spesiell atmosfære som ramme om eit kaseri eller føredrag. Gjerne i kombinasjon med lysbilet, video, film eller power point, og gjerne med emne frå byens historie. Genialt! Og dette er berre ei börjing, i alle fall kan det vera det.

Det er fleire rom og bygningar enn det tidlegare fjøset som kan dragast meir direkte inn i ulike former for formidlingsarbeid, og museumsstyra- ren har mange idear og mange opplegg for korleis dette kan gjerast. Men det er to ting som førebels set avgrensingar: Riksantikvaren må gje

løyve til å leggja inn elektrisk lys, og museet må få meir midlar. Det seier seg sjølv at ein kulturinstitusjon med ein styrar i halv stilling som einaste fast tilsett og ei budsjettramme på 400.000 kr (inkludert løn) ikkje har ressursar nok til å realisera idear og opplegg. For dei som styrer med pengane, er det tid til handling, og vi andre ventar i spenning – og med store forventningar. Carl Knudsen-gården med si eiga historie er ein del – og ein viktig del – av Lillesands historie. Museet sikrar og dokumenterer denne historia, og i vidare forstand gjeld dette heile byens historie: Lillesand som sjøfartsby, som forretningsby, som serviceby, bustadby og senter i eit ferieparadis. I denne oppgåva ligg eit formidlingsaspekt: gjennom si formidling skal museet få oss til å forstå og verdsetja den byen vi lever i. Dersom denne formidlinga får gjennomslagskraft, vil resultatet bli ein felles innsats for byen: få gjennomslag for meir Lillesand, arbeid for å få bygd ut Verven til eit levande sjøfartshistorisk senter, arbeid for å sikra stasjonsbygningen som eit kon-

kret minne om Flaksvannsbandslys, og museet må få meir midlar. Her ligg det godt til rette for samarbeid med dei lokale historielaget, som må kunne bli ein aktiv samarbeidspartnar for museet også på andre måtar. Lillesand har eit museum som vi kan vera stolte av. Det er ein ressurs for byen, og det vil vera ein kapitulasjon om det ikkje får slike vilkår at det bli i stand til å ta vare på den rike kulturarven det har ansvaret for, og driva den positive og nyskapande verksemda si.

Halvard Bjørkvik

## Ønsker reservat

Flertallet av Lillesands-Postens nettlesere ønsker hummer-reservat i Lillesand. Det er avgitt 454 stemmer og 51 prosent ønsker reservat, mens 49 prosent har svart nei. Nytt spørsmål er lagt ut på [www.lp.no](http://www.lp.no). Denne uken spør vi hvor ofte våre lesere bruker biblioteket.

# Åpent brev til politikerne om busstilbudet i Lillesand

● Som bilfri bussbruker har jeg lyst til å stille det nye bystyret noen spørsmål om deres syn på busstilbudet i Lillesand, Høyvåg, Justøya og de omkringliggende områdene, og hva de akter å gjøre med dette.

- Synes dere at busstilbudet i Lillesand er godt nok?
- Er det greit at det bare går skoleruter til Justøya, ingen bybuss eller tilbringerbuss i helgene, ingen tilbringerbuss til og fra knutepunktet Gaupe-my, og fra TIMEKspresen ikke går nedenom Lillesand?
- Er det greit at det bare går to busser til og fra Høyvåg på lørdagene, og ingen dersom det er skolefri?
- Er det greit at det i skoleferien ikke går busser mellom fredag og mandag for oss i Høyvåg?
- Synes dere det er greit at det ikke går busser etter klokka 18 til og fra Høyvåg?
- Er det greit for dere å eksklud-



dere hele samfunn og ungdomsgrupper fra fellesskapet i sentrum?

- Hva med å danne et eget bus-

selskap for Lillesand så lenge Nettbuss ikke makter å få til et anstendig lokalt busstilbud?

- Hva akter det nye bystyret å

gjøre med den uholdbare situasjonen?

- Hva med å innføre bestillingsbuss, f eks ved å la taxiene

ta busstakster av passasjerene og få dekket resten av fylket?

- Hilsen Øyvind Selseng, Østre Vallesverd

# Spredde varme i stuene

Det var trangt om plassen i stuene i Strandgata 10 da Elin Storemyr inviterte til kunstutstilling og konsert lørdag formiddag i anledning Verdensdagen for psykisk helse. Lillesands-jenta hadde også fått med seg noen spesielle personer som fortalte om hva de gjør i hverdagen som har stor betydning for mange enkeltmennesker.

MERETE MOEN  
merete.moen@lp.no

- Sola skinte ute, og mange følte nok at sola også skinte inne i Strandgata 10.

– For ett år siden avtalte vi datoen i dag, og utstillingen begynte å vokse inni Elin. Og det er Elin sine varme som er grunn-tanken i det dere skal oppleve den neste timen, sa Trine Wilhelmine Rønnevig da hun ønsket velkommen til lørdagens happening.

«Løfte på lokket og bry seg» er en utstilling av kopier av spanske kumlokk. Kunstner Elin Storemyr har brukt toalett-papir og laget avstøpninger av forskjellige kumlokk og malt disse i ulike farger. Og på lørdag var også et kumlokk fra Lillesand kommune på plass.



EGET KUMLOKK: Også kumlokk fra Lillesand kommune var på plass da ordfører Arne Thomassen åpnet Elin Storemyrs utstilling i Strandgata 10.

## Åpnet opp

Ordfører Arne Thomassen foretok den offisielle åpningen av utstillingen, og han husket tilbake til tida da frøknene Tingsaker bodde i Strandgata 10.

– De stengte seg inne her. Dere jenter har åpnet opp huset, og jeg tenkte i dag morges da jeg forberedte meg, at dette ville frøknene Tingsaker ha likt. Jeg har en drøm og et håp som ordfører at Elin en dag vil komme hjem til Lillesand og videreføre det flotte arbeidet hun gjør, sa Thomassen og gav Elin Storemyr et krus med motiv fra Nødingen laget av keramikker Grethe Gullaksen.

Ordføreren benyttet også anledningen til å understreke viktigheten av temaet for utstillingen og minnet om arrangementene i anledning Verdensdagen for psykisk helse tirsdag og onsdag.



ILDSJELER: Kari Kjetsås (t.v.) og Ingrid Thelma Olsen var to av fire spesielt inviterte. Olsen jobber på familiekontoret i kommunen og fortalte om en gruppe hun organiserer for barn og unge som har foreldre som sliter psykisk.

Elin Storemyr som er bosatt i Spania og hjemme på snarvisitt i anledning utstillingen, hadde invitert noen spesielle personer til å komme og fortelle noen historier: Olga Odland som Elin kjenner fra kunststudier fortalte historier som hun har opplevd i jobben i skoleverket. Den ene var om en jente som ble glemt av foreldrene sine, den andre om en skoleflink gutt som ikke klarte å leke, bare å sloss. Historiene handler om å se hverandre, om å gi kjærlighet. Som Olga Odland sa til gutten: «Jeg er glad i deg og gleder meg til å se deg i morgen». Det viste seg at han hadde en diagnose, og med riktig hjelp fikk historien en god utgang.

Ingrid Thelma Olsen jobber på familiekontoret i Lillesand kommune. Hun fortalte forsamlingen om en gruppe for barn og ungdom som har foreldre som strever, litt eller mye, i hverdagen.

## Klemmer

Grethe Bygland fra Mental Helse var den tredje ildsjelen som Elin hadde invitert. Bygland fortalte kort om organisasjonen og oppfordret folk til å ta kontakt med henne dersom de lurte på noe.

Kari Kjetsås avsluttet denne seansen og minnet oss om at vi ikke behøver å reise ut i verden for å bry oss, for å hjelpe.

– Bare se rundt deg der du er. Se naboen, den som sitter i parken alene. Det handler om å bry seg, sa Kari, som leste et dikt av Jack London.

Det var lovet en spesiell servering, og det var håndskrevne hjerter på et fat. En kunne velge om en ville få klem av de som serverte eller om en ville ta hjertet med hjem og spare klemmen til en annen. Mange klemmer, og de var i ulike varianter, ble delt ut, og mange hjerter ble tatt vare på.

Efter serveringen, var det klart for The Nils Georg Paus Band. Karl Henrik Rønnevig ønsket velkommen til konserten som han og Elin Storemyr hadde planlagt for bandet satte i gang. Fengende sanger og fullt trøkk kjennetegner vennegjengen, og i kjent stil satte bandet publikum i god stemning.



FULLT: Både lillesandere og folk utenbys fra fant veien til Strandgata 10 for å få med seg den spesielle utstillingen i anledning Verdensdagen for psykisk helse.



KONSERT: The Nils Georg Paus Band holdt konsert, fra venstre: Silje Fossli, Karl Henrik Rønnevig, Jørund Flaa, Bjørnar Flaa, Jon Sverre Skaanes og Per Jakob Skaanes.